



**FORELDREKOMPETANSE
– UTVIKLINGSVEGAR**

Småbarndagar 2006

Arr: "Samarbeidsgruppa for sped- og småbarn i risiko for psykiske vanskar"
Representert av Førde Bup, Avdeling for barnehab. ved FSS, Familiehuset og barnevernt. i Jølster.

28. – 29. september
på Rica Sunnfjord Hotel i Førde

www.smabarnsdagane.no

28. SEPTEMBER

08.30 – 09.00	Registrering, kaffe og rundstykke
09.00 – 09.30	Opning
09.30 – 10.30	Kerstin Neander
10.30 – 10.45	Pause
10.45 – 11.45	Neander held fram
11.45 – 12.30	Lunsj
12.30 – 13.30	Neander held fram
13.30 – 13.45	Pause
13.45 – 14.45	Fagtorg
14.45 – 15.00	Kaffepause
15.00 – 16.00	Fagtorg

29. SEPTEMBER

08.15 – 08.30	Kaffe og frukt
08.30 – 10.50	Nancy Moss
10.50 – 11.00	Pause
11.00 – 12.15	Sidsel Haug
12.15 – 13.00	Lunsj
13.00 – 14.00	Haug held fram
14.00 – 14.15	Kaffepause
14.15 – 15.45	Monika Landsverk
15.45	Avrunding

FØRELESARAR

Kerstin Neander er svensk, utdanna sosionom og Marte meo supervisor. Ho har i snart 20 år arbeidd med sped- og småbarn og familiane deira på Grüningen, eit dagsenter i Karlskoga i Sverige. Neander har skriva bok om arbeidet der, "Møten i Grüningen". Dei siste åra har ho halde på med doktortrad ved Örebro Universitet, og arbeider med eit forskingsprosjekt i nær tilknytning til det kliniske arbeidet hennar.

Tema: Bilder av barn, bilder av samspel.
Tankar om barn si utvikling i samspel med andre.
Kva kan vi gjere for å fremje dette?

Nancy Moss er sjefpsykolog på BUP, Buskerud sjukehus. Ho vil snakke om korleis dei gjev foreldre rettleiing og støtte slik at dei skal bli godt kjende med barnet, og få til gode samspel før dei forlet intensivavdelinga for nyfødde.

Sidsel Haug er klinisk pedagog og teamleiar på BUP, Buskerud sjukehus. Ho vil gje ein presentasjon av spedbarnsteamet der, deira samarbeid med 1. linjetenesta og andre samarbeidspartnarar. Sidsel vil dele tankar og erfaring kring nettverksarbeid og behandlingsmetodar.

Monika Landsverk er fødd på Vestlandet, er 35 år og mor til 4 born i alderen 6 til 20 år. Ho er utdanna hjelpeleiar og arbeider i heimetenesta. Monika er også fylkesleiar i Mental Helse i Telemark.

Tema: Ho vil snakke om korleis ho opplevde å vekse opp med ei alvorleg sjuk mor, utan å bli sett av det profesjonelle hjelpeapparatet. Ho vil også snakke om kva dette har gjort med henne i vaksen alder, og om det å sjølv vere mor og psykisk sjuk.

FAGTORG

PREMATURE BARN

Ved Berit Johanne Hornnes, sj.pl. og Solveig Horstad Berget, avd. sj.pl. begge ved nyføddavsn. barneavdelinga, FSS. Premature barn møter verda i ein fase av livet der dei er umodne og sårbare. Dette stiller bestemte krav til korleis ein skal behandle borna i høve nærleik, samspel, stell og pleie. Også foreldra er i ein sårbar situasjon og treng hjelp og støtte på sin veg til kontakt og samspel. Rettleiing til foreldre står sentralt.

MARTE MEO-METODEN

Ved Inger Myklebust, familieterapeut, Familiehuset og Wenche Kirkebø, spesialpedagog Avd. for barnehabilitering. Dette er ein kommunikasjons- og relasjonsorientert rådgjevings- og behandlingsmetode. Utgangspunkt for rådgjeving er videoopptak av barn og omsorgsperson i ein daglegdags samhandlingssituasjon. Vi studerer opptaket saman, ser kva som skjer, og vidare kva som fungerer utviklingsstøttande.

KONSULTASJONSTEAM FOR SPED OG SMÅ I RISIKO

Ved avdelingssjef og psykologspesialist, Camilla Voss. Dette er eit lågterskeltilbod for fagpersonar og etatar som arbeider med gravide, småbarnsforeldre og barn. Det er eit samarbeidstiltak mellom Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) og Barne- og ungdomspsykiatrien (BUP) i Sogn og Fjordane, etablert i 2003.

SINNE, GRENSER, SKAM OG TILKNYTING

Ved Kerstin Neander, sosionom og Marte meo supervisor. Neander vil her fortelje om korleis dei arbeider med foreldregrupper på Grüningen, kva tema som er aktuelle å arbeide med i foreldregrupper.



Stad: Rica Sunnfjord Hotel, Førde
Tid: Torsdag 28.– fredag 29. september 2006

Påmelding: www.smabarnsdagane.no, eller til
Familiehuset – Førde BUP.
Innan 1. september.
Tlf.: 57 82 84 30
E-post: administrasjon@smabarnsdagane.no

Av organisatoriske årsaker, ønskjer vi påmelding til dei ulike fagtorga:

Du kan melde deg på inntil to fagtorg:

1. Prematur barn
2. Marte meo
3. Konsultasjonsteam for sped- og små
4. Grüningen

Kursavgift: Kr. 500,- (2 dagar)
Laxens lunsjtorg
Pris kr. 240,- som skal betalast til hotellet.

Betaling: **NB! Påmelding er bindande.**
Faktura vert sendt etter påmelding.

Godkjenning: Kurset vil bli søkt godkjent av Dnlf og NPF i forhold til spesialisering/fagleg ajourføring.

Overnatting ordnast av den einskilde.

I år markerar vi Verdensdagen for psykisk helse som har fokus på barn, familie og nettverk med vårt tema for småbarnsdagar 2006, i samarbeid med Mental Helse.



Målgruppe:

Helsesøstre, jordmødre, kommunelegar, barnelegar, personell ved fødeklinikk og barneavdeling, BUP, VOP, familiekontor, PPT, barnevern, pedagogar og andre som arbeider med barn og familiar.